



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2020	Bygdeutviklingsutvalet	PS	28.04.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Berset	FE-033	20/426

RETNINGSLINER FOR KOMMUNAL STØNAD TIL AKTIVITETAR OG TILTAK - DRØFTINGSSAK

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 08/2020

BYG - Behandling:

Utval for bygdeutvikling drøfta saka og sette opp punkt som utgangspunkt for nye retningslinjer.

Utvalet ber rådmannen legge fram sak om retningslinjer for tilskotsordning til handsaming i neste utvalsmøte.

Utvalsmedlemmene samtykka til at dei utarbeida punkta i møtet, kan vere eit utgangspunkt for vidare arbeid med å fastsetje retningslinjene.

BYG - Tilråding/Vedtak:

FØRINGAR FRÅ KOMMUNESTYRET:

- Avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmennyttige formål
- Kommunestyret har løyvd kr 500.000 til utvalet som kan brukast til formålet. Det vert utarbeida retningslinjer for bruk av midlane.
- Utvalet skal støtte opp om og bidra til utvikling i heile kommunen.

TIL DRØFTING :

KORLEIS søkje? Rutinar for søknad:

- Frist ? To gongar pr år ? Vår 7 haust ?
- Maksimum og minimum storleik/beløp ?
- Kontaktperson for mottak og informasjon
- Skjema, budsjett og dokumentasjon

KVA kan det søkjast om midlar til (kva er aktivitetar og allmennyttige formål ?)

- Stønad til konkrete prosjekt/tiltak/aktivitet, ikkje til generell drift

KVEN kan søkje. Ansvarleg ?

- Privatpersonar ?
- Bedrifter eller føretak ? Konkurransetilhøve.
- Frivillige lag og organisasjonar

KVIFOR skal nokon få midlar ?

- Kriteriar for utveljing og tildeling
- «Første mann til mølla»?
- Vekting ?
- Vilkår om eigeninnsats / eigenandel ?
- Kva fell ikkje innanfor ordninga ? Er det noko ein ikkje ynskjer å støtte ?
- Mogleg overlapp med andre stønadsordningar, stat/fylke/kommune/private ordningar ?

Eksisterande kommunale ordningar:

- Kultur / musikk / idrett
- Næringsretta tiltak / etableringstiltak
- Landbruksordningar
- Friluftsliv og fiske
- Kulturminne
- Eigne ordningar for indre strok / dalføra i kommunen

KVAR skal midlane nyttast ?

- Skal midlane verte jamt fordelte geografisk i dei ulik bygdene ? Korleis sikre dette eventuelt ?

KRAV SOM GJELD FOR ALLE SØKNADAR

Søknaden

- Kva tiltaket gjeld
- Kven som har ansvar for tiltaket
- Budsjett og finansiering

Krav til sakshandsaming / saksutgreiing

Krav til ordinær sakshandsaming etter kommunelova. Søknadane vert handsama i tråd med retningslinene - utvalet får så saka til avgjerd.

Utbetaling

Lag/organisasjonar (med org.nr), med plan for gjennomføring og budsjett kan det (del)utbetalast i forkant.

Privatpersonar - etter dokumentasjon av tiltak og kostnader (i etterkant av tiltaket/aktiviteten)